



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5540 - 21/84403

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.12.2021

Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 443/81 Toska

Alver kommune viser til søknad om dispensasjon og løyve til bruksendring frå fritidsbustad til bustad på gbnr 443/81 Toska. Søknaden om **dispensasjon** vart behandla av utval for areal, plan og miljø i møte 08.12.2021 i sak 176/21, der følgjande vedtak vart fatta:

APM- 176/21 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF og plan- og bygningslova § 1-9 for bruksendring av eksisterande fritidsbustad til bustad på eigedomen gbnr 443/81.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Søknaden om løyve til bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. 20-3, vert behandla i eige vedtak når avkøyringsløyve frå kommunal veg ligg føre.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og plan- og bygningslova § 1-8 for bruksendring frå fritidsbustad til bustad- gbnr 443/81 Toska

Søknad om bruksendring - gbnr 443/81 Toska

F2 Søknad om dispensasjon

D1 Situasjonsplan

E1 Fasader

E3 Plan

E2 Snitt

Uttale - gbnr 443/81 Toska - Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF for bruksendring frå fritidsbustad til einebustad

Vurdering i forhold til utsleppsløyve - gbnr 443/81 Toska

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson
Laurits Klimek

Kvalen 16
Toskavegen 589

5955 LINDÅS
5936 MANGER